



Fylkesordføreren

Sakshandsamar:

Jenny Ellaug Følling

E-post: Jenny.Ellaug.Folling@sfj.no

Tlf.: 47905990

Vår ref.

Sak nr.: 15/8067-54

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

51427/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 26.11.2015

Havilafjord AS
Mjølstadnesvegen

6092 Fosnavåg
Att: Per Sævik / Vegard Sævik

Ikkje offentleg
Ofi § 23, 4. ledd, eigardokument

Sendt kun per e-post:
per@havila.no og vegard@havila.no

ORIENTERING OM VEDTAK I FYLKESTINGET I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

23. november 2015 vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane sal av 50 % av fylkeskommunen sine aksjar i F1 Holding AS, som eig 59 % av aksjane Fjord1 AS, til Torghatten ASA. Avtaleverket med Torghatten inneheld som kjent ein opsjon på kjøp og sal av dei resterande 50 % av aksjane i F1 Holding. Vedtaket frå fylkestinget lyder slik:

1. *"Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.*
2. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.*
3. *Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering."*

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved fylkesordføreren har nyleg motteke to brev frå Wikborg Rein sendt på vegner av Havilafjord AS (11. og 20. november 2015).

Sogn og Fjordane fylkeskommune og F1 Holding AS er kjende med innhaldet i breva, men finn det ikkje naturleg å kommentere dette på noverande tidspunkt.

Med vennleg helsing,
for Sogn og Fjordane fylkeskommune og generalforsamlinga i F1 Holding AS

Jenny Følling, fylkesordfører



Tore Eriksen, representant for generalforsamlinga i F1 Holding AS